Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 13.11.2025
13.11.2025

Vår ref: 2023/8717

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Stena Recycling AS avd. Sløvåg

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Espeset, 5557 2141

Rapport etter tilsyn hos Stena Recycling AS avd Sløvåg, 16. oktober 2025

Kontrollnummer: 2025.286.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 16.11.2025 hos Stena Recycling AS avd Sløvåg (organisasjonsnummer: 835244202).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda tar ikkje prøvar av avløpsvatnet og manglar rutine for drift og vedlikehald av reinseanlegg
- Avvik 2: Handsaming av EE-avfall er ikkje i tråd med løyvet og avfallsforskrifta
- Avvik 3: Handsaming av farleg avfall er ikkje tråd med avfallsforskrifta
- Avvik 4: Kostemassar er ikkje basiskarakterisert før levering til deponi.
- Avvik 5: Verksemda tek imot og klipper opp prosessrøyr sjølv om dei ikkje er tilstrekkeleg reingjort

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Verksemda må rette opp avvik snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta **innan 15.02.2026.**

De må betale gebyr
Stena Recycling AS avd Sløvåg må betale eit gebyr på 41 600 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding på e-post
Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med 2023/8717.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Verksemda tar ikkje prøvar av avløpsvatnet og manglar rutine for drift og vedlikehald av reinseanlegg

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Løyvet av 18.03.2025:	vilkår 2.5 førebyggjande vedlikehald vilkår 3.2 utslepp til vatn og målingar vilkår 11.4 program for utsleppskontroll
Internkontrollforskrifta:	§5 punkt 2 om kompetanse §5 punkt 7 om rutinar

Om krava

Løyvet

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal bedrifta syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

Det er krav om prøvetaking av overflatevatn frå utandørs område kvar månad.

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll.

Internkontrollforskrifta

Verksemda skal ha system som sikrar at tilsette har tilstrekkeleg opplæring for å gjennomføre oppgåvene sine.

Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og hindre brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Stena har ikkje rutinar for drift og vedlikehald av reinseanlegg for overflatevatn frå utandørs områda.

Stena har ikkje tatt prøvar av overflatevatn frå utandørs områder. Verksemda starta opp i mai og det er krav om prøvetaking kvar månad.

Stena har ikkje utarbeida eit program for utsleppskontroll.

Tilsette har ikkje fått tilstrekkeleg opplæring. Tilsette veit ikkje korleis reinseanlegget er oppbygd, har ikkje fått opplæring i prøvetaking og veit ikkje korleis drift og vedlikehald av reinseanlegg skal gjennomførast. Dette er viktige oppgåver som ikkje blir utført.

Avvik 2: Handsaming av EE-avfall er ikkje tråd med løyvet og avfallforskrifta

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Løyvet av 18.03.2025:	vilkår 9.1.1 mottak av avfall Vilkår 9.1.3 generelle krav til handtering
Avfallsforskrifta	§1-22 Plikt til forsvarleg handsaming
Internkontrollforskrifta:	§5 punkt 7 om rutinar

Om krava

Løyvet
Verksemda skal ha tilstrekkelege system, rutiner og bemanning for å sjekke at alt avfall er riktig sortert i tråd med avtalt spesifikasjon og i tråd med løyvet til anlegget. Det skal være førerhandsdefinert kva element som skal kontrollerast når avfallet kjem og kva kriterier som skal være oppfylt for at avfallet kan mottakast. Det skal også være kriterier for når avfall skal avvisast.

Verksemda skal i tillegg spesielt følgje opp følgande i samband med mottakskontrollen og vidarelevering i behandlingskjeden:

- EE-avfall: rutiner som sikrar at handtering skjer på ein forsvarleg måte, inkludert at EE-avfall vert handtert som ein separat straum, og vert registrert inn og ut av anlegget.

Avfallsforskrifta:
I avfallsforskrifta § 1-22 er det krav til at EE-avfall skal handsamast forsvarleg og ved bruk av dei beste tilgjengelege teknikkane. Kravet til forsvarleg handsaming i mottakskontrollen inneber:

- **Kontrollplikt** – verksemda må ha kontroll på avfall som blir motteke
- **Klassifisering** – verksemda må vite kva slags avfall som blir motteke
- **Undersøkingsplikt** – verksemda må ha rutinar for å avdekkje kva slags avfall som blir motteke

I avfallsforskrifta § 1-22 er det krav til at EE-avfall skal lagrast og handsamast på plassar med tett dekke, nødvendig anlegg for oppsamling og reinsing av overvatn, og nødvendig tak eller anna klimavern.

Internkontrollforskrifta
Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og hindre brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering
Verksemda sorterer ikkje ut EE-avfall som ikkje er miljøsanert, som blir levert blanda med kompleksjernet, og undersøker ikkje om miljøsanert EE-avfall er godt nok miljøsanert før mottak.

På tilsynet blei det observert at haugen med kompleksjern inneheldt fleire typar EE-avfall som ikkje er miljøsanert. Mellom anna inneheldt haugen lysstoffrør med kondensator. Det er ingen rutinar for å stoppe dette i mottakskontrollen dersom det vart oppdaga.

Verksemda lagrar ikkje EE-avfall blanda med kompleksjern i tråd med krav om klimavern.

Verksemda lagrar ikkje alt utsortert EE-avfall med klimavern i form av tak eller skjerming for vêr og vind. På tilsynet vart det lagra bur med mellom anna leidningar, elektriske kjøkkenmaskinar og lysstoffrør utandørs.

Avvik 3: Handsaming av farleg avfall er ikkje tråd med avfallsforskrifta

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Avfallsforskrifta	§11-5 forsvarleg oppbevaring av farleg avfall Kap 11, vedlegg 4, punkt1d)
Internkontrollforskrifta:	§5 punkt 7 om rutinar

Om krava
Avfallsforskrifta
§11-5:
«Farlig avfall skal tas hånd om på en forsvarlig måte. Alle som oppbevarer, transporterer eller håndterer farlig avfall, skal treffe nødvendige tiltak for å unngå fare for forurensning eller skade på mennesker eller dyr.»

kapittel 11, vedlegg 4, punkt 1d):
«Lagring av farlig avfall skal skje under tak og på fast dekke med oppsamling av eventuell avrenning. Annen lagringsmåte kan benyttes dersom virksomheten kan dokumentere at den valgte lagringsmåten gir minst like lav risiko og like god miljøbeskyttelse.»

Internkontrollforskrifta
Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og hindre brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering
Farleg avfall vart lagra ute utan tak. Verksemda hadde ikkje risikovurdering som viste at lagringsmåten gav minst like låg risiko og like god miljøbeskyttelse som lagring under tak. Det gjaldt

lysstoffrøyr, IBC med diverse innhald som kan vere farleg avfall og kablar som kan innehalde oljerestar som kan vere farleg avfall.

Avvik 4: Kostemassar er ikkje basiskarakterisert før levering til deponi

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket
Avfallsforskrifta: kap 9, vedlegg II, pkt 1.1

Internkontrollforskrifta: §5 punkt 7 om rutinar

Om krava
Avfallsforskrifta
Avfall må basiskarakteriserast før det kan deponarast. Det er ei lang rekke dokumentasjonskrav knytt til basiskarakterisering.

Internkontrollforskrifta
Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og hindre brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering
Stena basiskarakteriserer ikkje kostemassar før levering til avfallsdeponi. Slike massar vil kunne innehalde høge konsentrasjonar av tungmetall, det er difor viktig å analysera innhaldet for å kunne slå fast om kostemassane er farleg avfall eller ikkje. Dersom det er farleg avfall skal det gjennomførast utlekkingstest for å dokumentere at avfallet kan deponerast på deponi for ordinært avfall.

Verksemda hadde ikkje rutinar for basiskarakterisering av kostemassar.

Avvik 5: Verksemda tek imot og klipper opp prosessrøyr sjølv om dei ikkje er tilstrekkeleg reingjort

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket
Løyvet av 18.03.2025: vilkår 9.1.3 Generelle krav til handtering

Internkontrollforskrifta: §5 punkt 7 om avvikshandtering og rutinar

Om krava
Løyvet
- Verksemda skal sikre at det er gjennomført ei eiga miljøkartlegging av alle marine konstruksjonar som mottakast ved anlegget. Dette omfatter ein gjennomgang av alle relevante opplysningar for å sikre at konstruksjonen sitt innhald av ulike typar farleg avfall, i så stor grad som mulig, er kjent før mottak.
- Kartlegginga skal gjennomførast av ein aktør med fagkompetanse og erfaring på området. Mottak og opphogging av prosessrør i marine konstruksjonar tillatast berre om prosessrøra før mottak er reingjort for avleiringar m.v. som kan innehalde tungmetall eller andre miljøgifter. Reingjeringa av prossessrør skal være dokumentert av aktør med nødvendige

løyver for slik verksemd. Om prosessrør ikkje er reingjort offshore skal desse umiddelbart sendast til eksternt godkjent anlegg for reingjering.

Internkontrollforskrifta
Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og hindre brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering
Verksemda tar imot prosessrør/kablar sjølv om desse ikkje var tilstrekkeleg reingjort før mottak. Dette blei ikkje ført som avvik. Verksemda hadde ikkje vurdert om kablane var klassifisert som farleg avfall.

Verksemda tar imot kablar og rør med restar av olje og borevæske som kan innehald kvikksølv og vere radioaktiv. Kablane blir kappa opp på anlegget. Stena har i sine kontraktar for levering at røra skal vere tomme før levering, men det blei likevel ikkje avvist eller sendt videre til godkjent anlegg.

Vedtak om gebyr
Statsforvaltaren vedtar at Stena Recycling AS avd Sløvåg må betale eit gebyr på 41 600 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 2 for tilsyn av inntil en dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 16.10.2025 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage
De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet
Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er gjennomført fordi verksemda nyleg har fått løyve. Dette er det første tilsynet etter oppstarten.

Frå Statsforvaltaren deltok:
- Astrid Holte
- Kristin Espeset

Observatør: Linnea Thomassen

Kontaktperson hos verksemda:
- Gabrielius Bakutis

Anlegg
Følgjande av verksemda sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:
- Stena Recycling AS, mottak av ordinært avfall, Sløvåg
- Stena Recycling AS, mottak av farleg avfall, Sløvåg

Tema
Følgjande tema vart kontrollerte:
- utslepp til vatn
- handtering av avfall, inkl. farleg avfall
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling

Del 4: Annan informasjon

De kan kommentere på rapporten
De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg
Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Astrid Holte
senioringeniør

Kristin Espeset
senioringeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi: Gulen kommune